



**Retningslinje for tildeling av plass ved
arbeids- og aktivitetssenter i
habiliteringstenesta**

Gjeld frå 1. januar 2020



ALVER
KOMMUNE



Innhald

KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR.....	2
1. Formål.....	2
2. Virkeområde	2
3. Definisjonar.....	2
KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV Plass	2
4. Søknad.....	2
5. Busett i eigen heim/foreldreheim	2
6. Diagnose og funksjon.....	2
7. Aktivitet, arbeid eller sosial deltaking.....	3
8. Arbeids- og aktivitetsformål	3
9. Val av senter	3
10. Utmåling av dagar	3
11. Iverksetting av vedtak om innvilga plass	3
KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR.....	4
12. Bytte av senter	4
13. Endring eller bortfall av plass	4
14. Vedtak.....	4
15. Iverksetting	4



KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR

1. Formål

Formålet med arbeids- og aktivitetssentra er å gje personar med utviklingshemming:

- a) aktivitet og mulegheit til å delta i arbeidsoppgåver,
- b) deltaking i sosialt fellesskap, mestring og gode opplevingar i kvardagen.

2. Virkeområde

Retningslinja gjeld for tildeling av plass i Alver kommune ved

- a) Knarvik arbeids- og aktivitetssenter,
- b) Manger arbeids- og aktivitetssenter, eller ved
- c) arbeids- og aktivitetssenter i regi av privat leverandør som Alver kommune har avtale med.

3. Definisjonar

Aktivitet: Aktivitetar vert utforma saman med og tilpassa søkjar sine ønskje og mulegheiter. Aktivitet bidreg til å vedlikehalde dagleglivets funksjonar og ferdigheiter, samt auke trivsel og livskvalitet.

Arbeid: Søkjarar med restarbeidsevne får tilbod om deltaking i arbeidsoppgåver ut frå interesse og arbeidsevne. Deltaking i arbeidsoppgåver kan bli kompensert med ei symbolsk løn.

Plass: Plass ved eit arbeid- og aktivitetssenter frå 1 til 5 dagar per veke. Ein plass kan vere heil eller halv dag. Måltid er ikkje inkludert.

Transport: Ved behov er transport eller personfølgje til og frå eigen heim inkludert i tilbodet. Søkjarar må betale gebyr for transport som er organisert av kommunen.

KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV PLOSS

4. Søknad

Det må søkjast om plass, og søknaden må grunngjevast.

5. Busett i eigen heim/foreldreheim

Søkjar må vere busett i eigen heim eller foreldreheim i Alver kommune.

6. Diagnose og funksjon

Søkjar må ha diagnosen psykisk utviklingshemming eller ha andre samanliknbare diagnosar.



Søkjjar må ha eit funksjonsnivå som gjer at han/ho kan fungere i eit arbeids- og aktivitetssenter med tilrettelegging. Søkjjar må vere fysisk mobil, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel.

Desse søkjarane vil ikkje bli tildelt plass:

- a) Søkjarar som har behov for ei tilrettelegging som ikkje er fysisk muleg å gjennomføre ved arbeids- og aktivitetssentra.
- b) Søkjarar som har helse-og adferdsutfordringar som krev særskilte/omfattande tilretteleggingar ved arbeids- og aktivitetssentra.

7. Aktivitet, arbeid eller sosial deltaking

Søkjjar må kunna gjere seg nytt av aktivitet, deltaking i arbeidsoppgåver eller sosial deltaking.

Plass vert ikkje tildelt:

- a) Søkjjar som enten har eller kan nyttiggjere seg anna tilbod om aktivitet, arbeid eller tilbod om sosial deltaking.
- b) Søkjjar som på grunn av sin reduserte arbeidsevne er omfatta av Arbeids- og velfedsetaten (NAV) sine ordningar for tilrettelagt arbeid (t.d. VTA-plass).

8. Arbeids- og aktivitetsformål

Plass tildelt med eit arbeids- og aktivitetsformål er aktuelt for søkjarar som

- a) har restarbeidsevne, med tilrettelegging,
- b) kan ta i mot veiledning/opplæring, og
- c) kan gjennomføre arbeidsoppgåver sjølvstendig eller med veiledning.

Dersom arbeids- og aktivitetsformål ikkje er aktuelt, så vil formålet med tildelt plass vere deltaking i sosialt fellesskap, mestring og gode opplevingar i kvardagen.

9. Val av senter

Dersom søkjar sjølv ønskjer det, så bør søkjarar få tildelt plass ved arbeids- og aktivitetssenter i sitt nærrområde, dersom senteret har kapasitet og kan tilrettelegge for søkjaren.

10. Utmåling av dagar

For søkjarar som får plass, så skjer utmåling av tal dagar (1-5 dagar, heile eller halve) etter ei konkret vurdering basert på søkjar sitt behov, og kva andre tenester og hjelpetiltak søkjaren har.

11. Iverksetting av vedtak om innvilga plass

Manglande tilgjengeleg kapasitet ved arbeids- og aktivitetssentra er ikkje avslagsgrunn, dersom søkjaren elles fyller kriteria for plass i denne retningslinja.

Alle søkjarar som er kvalifisert vil bli tildelt plass. Vedtak om tildelt plass vil bli satt i verk innan 4 månader frå vedtaksdato.



KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR

12. Bytte av senter

Søkjalar som har fått innvilga plass ved eit arbeids- og aktivitetssenter kan søkje om å bytte senter. Søknad vert handsama av forvaltningskontoret, i dialog med leiinga av arbeids- og aktivitetssentra.

13. Endring eller bortfall av plass

Søklar som ikkje lenger oppfyller kriteria for deltaking ved arbeids- og aktivitetssentra vil bli vurdert for andre tenester.

Dersom søklar ikkje nyttar tildelt plass i ein periode på 2 månader, så kan søklar miste plassen.

14. Vedtak

Forvaltningskontoret gjer vedtak om tildeling av plass ved arbeids- og aktivitetssentra etter denne retningslinja. Forvaltningskontoret gjere også vedtak om tildeling av prøveperiode på inntil 3 månader.

15. Iverksetting

Denne retningslinja gjeld frå 1. januar 2020.